



DET KONGELIGE
FINANSDEPARTEMENT

Finansministeren

Stortingets presidentskap
Ekspedisjonskontoret
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
19/4448 -

Dato
11.11.2019

Stortinget – spørsmål nr. 208 til skriftleg besvarelse – frå representanten Gjelsvik om Finanstilsynets budsjett korrigert

Eg viser til brev av 4. november 2019 frå Stortingets president, vedlagt følgjande spørsmål frå stortingsrepresentant Sigbjørn Gjelsvik til skriftleg svar:

"Kor store ressursar/kor mykje pengar vil Finanstilsynet i 2020 bruka på a) faktisk tilsyn med finansielle føretak, b) regelverksutvikling, jf. utkast til offentlege høyringsprosessar på finansmarknadsområdet og c) deltaking i EUs finanstilsyn, korleis har fordelinga av ressursar/utgifter på dei nemnde områda utvikla seg år for år sidan 2013, og kva er tilsvarende absolutte og relative tal for dei svenske og danske finanstilsyna i same tidsperiode?"

Svar:

Finanstilsynets utgifter vert fullt ut dekte av føretaka som er under tilsyn etter finanstilsynslova § 1 eller annan lovheimel. Finansieringa av utgiftene er heimla i finanstilsynslova § 9. Brukarbetalinga er ein funksjon av budsjetterte tilsynsutgifter same året. Finanstilsynet registrerar ressursbruk på tilsynsområde som grunnlag for den årlege utlikninga av tilsynsavgifta. Tabellen nedanfor syner tilsynet sitt utgiftsnivå for perioden 2013–2018 og budsjettert nivå for 2019, samt budsjettforslag for 2020 (tal i heile 1 000 kroner).

Utgiftspost	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Driftsutgifter post 01	331 914	337 833	329 952	338 402	343 496	365 601	394 400	419 900
Investeringar IT post 45	13 338	11 885	10 145	21 220	12 582	20 327	26 000	24 100
Mva (frå 2015 ført på kap. 1633)			10 900	13 127	13 581	16 233	15 000	19 000
Sum	345 252	349 718	350 998	372 749	369 658	402 161	435 400	463 000
Vekst i prosent frå året før		1,28 %	0,36 %	5,84 %	-0,84 %	8,08 %	7,63 %	5,96 %
Antall årsverk	275	263	263	271	282	290		

Utgifter frå 2013 til 2018 er rekneskapsførte utgifter. Tal for 2019 og 2020 er høvesvis vedtatt budsjett og forslag til budsjett. Framstillinga er ikkje justert for pris- eller lønjusteringar.

Finanstilsynets registrering av aktivitetar er ikkje inndelt etter kategoriane som representanten etterspør, og det er difor gjort tilpassingar i talgrunnlaget tilsvarende desse kategoriane. Aktivitetane som samsvarer mest med a–c i spørsmålet, er merkte med a, b og c i tabellen. Ei slik inndeling må tolkast med varsemnd då kategoriane ikkje er gjensidig ekskluderande. Det er også slik at ein del av internasjonal regelverksutvikling og overvaking er initiert utanfor EU-/EØS-systemet, t.d. FATF, og vidare slik at regelverksutvikling ville ha vore påkrevd i Noreg, uansett form for tilknytning til EU.

Tabellen syner aktivitetar for åra 2013 til 2016. Frå 2017 endra tilsynet metodikken for å registrere aktivitetar. Registrering av tidsbruk på aktivitetar vart avvikla i 2017. Føremålet var å effektivisere administrative oppgåver i Finanstilsynet. Registrering av tidsbruk vart frå 2017 konsentrert om å få eit korrekt grunnlag for utlikning av tilsynsavgifta. Statistikk på fordeling av tilsynsaktivitetar vart då vurdert som mindre relevant. Registrering på tilsynsaktiviteter vart innført frå og med 2019.

Samanstillinga syner at andelen for kvar kategori er relativt stabil mellom 2013 og 2016. Tal for kategoriane frå 2016 kan derfor gje ein indikasjon om fordelinga i 2017-2020.

Prosent per aktivitet	2013	2014	2015	2016
a) Stadleg og dokumentbasert tilsyn	28,5	30,4	29,3	31,6
b) Utvikling og forenkling av regelverk	10,4	7	8,2	10
c) Internasjonalt samarbeid	5,9	6,7	6	5,8
Makroøkonomisk overvaking	2,2	3	2,6	3
Forvaltning og handheving av lover og forskrifter	20,5	19,8	20,4	22,2
Informasjon og kommunikasjon	4,8	4,7	6	4,9
Administrasjon, leiing og org. utvikling	27,6	28,3	27,4	22,5

Det er innhenta informasjon frå Finansinspektionen i Sverige og Finanstilsynet i Danmark om deira ressursbruk. Det norske finanstilsynet har fleire tilsynsoppgåver enn same myndigheiter i Sverige og Danmark, og det er difor ikkje mogeleg å samanlikne direkte. Det svenske og danske finanstilsynet har mellom anna ikkje tilsyn med revisjonsforetak, rekneskapsførarar, eigedomsmeklarar og inkassoforetak, slik det norske finanstilsynet har. Finanstilsynet anslår at ressursbruken på desse tilsynsområda utgjorde om lag 30 årsverk av i alt 282 årsverk ved utgangen av 2018.

Danske myndigheiter opplyste til Finanstilsynet at dei ikkje har lik inndeling, og at dei endra registreringspraksis i 2018, slik at dei etterspurte tala ikkje er tilgjengelege. Dei opplyser at tala for 2018 kan leggjast til grunn for dei andre åra. Det danske tilsynet brukte i 2018 87,1 mill. danske kroner (24,8 pst) på generell administrasjon, 228,4 mill. danske kroner (64,9 pst.) på tilsyn, 29,2 mill. danske kroner (8,3 pst.) på regulering og om lag 7 mill. danske kroner (2 pst.) på informasjon. I 2018 vart det registrert 315 årsverk i danske Finanstilsynet.

Finanstilsynet har innhenta opplysningar frå svenske Finansinspektionen. Finansinspektionen har gjeve tal for 2018 og opplyst at tilsvarande nivå gjeld for perioden 2013–2020. Svenske myndigheiter brukte 61 pst. på tilsyn med finansielle foretak, 13 pst. på regelverksutvikling og 9 pst. på deltaking i EUs finanstilsyn. Resterande 17 pst. er ikkje

utdypa. Samla rekneskapsførte utgifter i 2018 var 715,2 mill. svenske kroner. I 2018 var det registrert 473 årsverk i Finansinspektionen.

Med helsing



Siv Jensen